

08.06.2010

**Stenging også av skulen held fram**

**Den pågående kommunestreiken og framfor alt då reinhaldarane sin streik fører til at ei rekke skular og barnehagar er stengde.**

**Det gjeld også skulen og den kommunale barnehagen i Uskedalen, som blir stengd også i morgen onsdag ettersom det ikkjevar noko løysing i dag..**

**Barnehagestenginga nærmar seg no ei veke medan skulen vart stengd i dag.**

I dag vart 30 nye medlemer av Fagforbundet iKvinnherad og alle assistenter i skular og barnehagar, tekne ut i streik.

Følgjande barnehagar og skular vil vera stenge onsdag:

Barnehagar: Uskedalen, Bringedalsbygda, Hatlestrand og Husnes barnehagesenter (to barnehagar). Barnehagane på Valen, Sunde, Omvikdal, Mauranger og i Ølve har redusert drift. Berre barnehagane i Åkra og på Varaldsøy er opne som vanleg.

Følgjande skular er heilt stengde: Skarveland, Valen, Undarheim, Bringedalsbygda, Malmanger, Mauranger, Uskedalen, Omvikdal og dei tre skulane som no heiter Halsnøy skule: Hauge, Tofte og Brekke.

Ungdomsskulane på Husnes, Rosendal og Øyatun har redusert tilbod, men vil syta for at eksamen blir gjennomført som planlagt.

Berre Åkra, Ølve og Trå skular er opne som vanleg.

– Det har vore få sure miner frå brukarane. Det verkar som folk flest har forståing for begge partar og tar situasjonen med fatning, seier personalrådgjevar i kommunen, Torstein Aarthun til Kvinnheringen.